

**NØK – Nordisk Økonomisk Kvægavl:
Akureyri, Island, 23.-26. juli 2000**

***Organisasjon og struktur av bondens nettverk
- korleis bør rådgjevinga organiserast -***

Åse F. Andersen, Norge

Utgangspunktet for foredraget mitt er 21 års erfaring frå rådgjevingstjenesten i det norske meierisamvirket, TINE. Arbeidsoppgåvene mine har vore både av fagleg og organisasjonsmessig karakter. Vidare deltek eg litt i drifta heime på garden vår. Vi driv med mjølk og storfekjøtt, slaktegris og korn.

Navneskifta gjennom desse 21 åra kan illustrere kva som har vore vektlagt i TINE's rådgjevingstjeneste:

Husdyrkontrollen - mykje registrering / kontroll, lite rådgjeving og organisasjonsarbeid.
Produsenttjenesten - meir serviceprega, sterkare satsing på dei sistnevnte oppgåvene.
Organisasjonsavd.- enda meir vektlegging av organisasjonsarbeidet.

Men kva ynskje og krav har eigentleg dagens norske mjølk- og storfekjøtt-produsentar til nettverket rundt seg ? I eit tilfeldig valgt nummer av Bondebladet finn eg fleire artiklar om dette temaet. Her er nokre av signala som kjem fram:

“Vil ha Landbrukets Rådgivningskontor”.

Avtroppande leiar i eit av Bondelagets fylkeslag tek til orde for å få etablert ei *felles samordna rådgjevingstjeneste mellom landbruket sine ulike organisasjonar*. Han er uroa over den stadig aukande byråkratiseringa i norsk landbruk, og oppfordrar til at bøndene i større grad må tenkje heilskap. Vi har for lett for å satse på enkelte organisasjonar og enkeltordningar utan å sjå på samordning, seier han.

Rådgjeving på Internett.

På årsmøtet i Norsk Kjøttssamvirke BA har fleire teke til orde for at tjenester som har med rådgjeving å gjera, må fakturerast den som nyttar tjenesten. Andre er redde for at Kjøttssamvirket i så fall vil miste medlemmar. I møtet kom det også krav om at rådgjevingstjenesten må ut på internett, medan andre poengterte behov for service på “gamlemåten” også, mot betaling.

“Rådgivningen moderniseres”.

Denne overskrifta finn eg under “Nytt fra TINE”. Prosjektet “Fremtidens rådgivning” er satt igang for å finne dei beste løysingane for rådgjevinga i framtida. Men prosjektleiar Ingvald Stensen seier også at eigarane ikkje er einsarta, og at ein må ha tilbod til alle kategoriar. TINE ser også for seg bruk av internett og interaktiv kommunikasjon mellom rådgjevar og bonde. Spørsmålet om å skilje betalt rådgjeving frå informasjons- og organisasjonsarbeidet blir også teke opp i artikkelen, og at rådgjevinga i så fall lettare kan skje i samarbeid med andre landbruksorganisasjonar.

Kva fortel så dette om bondens ynskje / krav til nettverk ?

At dagens organisering av rådgjevinga ikkje blir vurdert som optimal.

At samordning til frittstående felles rådgjevingorganisasjon er aktuelt.

At kostnadane med rådgjevinga i mindre grad skal belastast fellesskapet.

At ny teknologi tilseier nye løysingar - ca. 42 % av norske mjølkebønder har internett.

Strammare økonomi aukar kravet til rasjonell rådgjeving.

Stram økonomi i jordbruksnæringa og stadig færre produsentar aukar kravet til rasjonell rådgjeving. Norske mjølkeprodusentar hentar idéar frå utlandet, og mange synest nok at ei samanslåing av dagens rådgjeving til eit felles Landbrukets Rådgjevingskontor etter dansk mønster virkar fornuftig. Slik det er pr. idag har meierisamvirket og slakterisamvirket kvar si rådgjevingstjeneste, og rådgjevinga på plantesida tek forsøksringane seg av. Det er nok ei utbreidd oppfatning at rådgjevinga lett blir sektorprega på denne måten.

Bonden må alltid prøve å finne dei beste løysingane på garden sin totalt sett, og for han / ho er det ikkje noko skilje mellom det som er ute på jordet og det som er i fjøset.

Gjennom dei siste åra har det vore enkelte forsøk på sterkare samordning av rådgjevinga i enkelte regionar i landet, men dette har vore lite vellykka. Samvirkeorganisasjonane kan

sjå ut til å vera redde for å sleppe frå seg rådgjevings-apparatet sitt på grunn av medlemskontakten dette betyr. God kontakt mellom eigar og organisasjon er viktig for å oppretthalde høg lojalitet til organiasjonen, og dermed unngå overgang til andre råvare- mottakarar. Rådgjevinga blir altså vurdert som eit konkurranse-fortrinn i høve til konkurrerande aktørar.

Det virkar som om dei tillitsvalgte bøndene i større grad ser behovet for å sikre eit lojalt korps gjennom å “eige” rådgjevings- apparatet enn det “menige” bønder gjer. Organisasjonane treng nokon til å drive informasjons- og organisasjons-arbeid uansett. Så blir det eit spørsmål om dette fungerer billigast og best når det er kombinert med

rådgeving, eller om ein får eit betre opplegg med frittstående rådgevingorgan og nokre fåe folk i kvar organisasjon til å ta seg av organisasjonsarbeidet. Eit synspunkt er at den tilliten som flinke rådgjevarar bygger opp er det beste utgangspunktet for å vinne fram med organisasjons- spørsmål i neste omgang. Rådgjevarane kan i mange samanhengar bidra til forståing for vedtak som er fatta og opptre som “brannsløkkarar” når det er uro i organisasjonen.

Eit anna moment er at når t.d. meierisamvirket “eig” rådgjevarane sine, kan dei pålegge desse å gjennomføre f.eks. inspeksjon av mjølkerom og KSL-opplæring. Dette vil kanskje vera vanskelegare å få til når fleire enn den aktuelle varemottakaren skal bestemme arbeidsopplegget. Men det bør likevel vera mogleg ved at vare-mottakar kjøper ei bestemt “grunnpakke” til alle medlemene sine for å få slike oppgåver gjennomført.

Dersom ein skal satse på samordna rådgevingsteneste, bør mange ledd vera med - f.eks. forsøksringane, husdyrrådgevinga, rekneskapskontora og avløyssarlag. Truleg vil dette gje ein gevinst i form av mindre administrasjons-kostnader samla sett. Ei anna side er at i dag kan enkelte fagtema bli dekt opp av fleire instansar, medan andre fell “mellom stolane”.

Men veldig mange bønder ynskjer seg fortsatt ein primærrådgjevar som skal dekke det meste. Problemet kan kanskje bli at eitt hovud ikkje kan romme uavgrensa kunnskap, og at den breidda som t.d. TINE-rådgevinga dekker NÅ er det maksimale dei tilsatte kan ha kapasitet til. Henvisning til ein spesialist er vel og bra, men da havnar ein fort borti dilemmaet med manglande heilskapsvurderingar på nytt.

Mjølke kvalitet og fôring høyrer saman.

Meieria og slakteria vil alltid ha behov for å drive rådgeving med tanke på ein best mogleg produktkvalitet. I Sverige har meieria hatt egne folk til å ta seg av dette, medan resten av rådgevinga til mjølkebøndene har vore dekt av Svensk Husdjurskjøtsel. Ei slik deling kan kanskje virke logisk, men i mange tilfelle kan ikkje mjølkekvalitets-rådgevinga skiljast frå til dømes fôrings-rådgevinga. I mange samanhengar er derfor denne ordninga lite rasjonell. Eg har forstått det slik at Svensk Mjølke nå har fusjonert med Svensk Husdjurskjøtsel på grunn av behovet for å sjå heile kjeda frå ku til forbrukar i samanheng.

Enkelte hevdar at meieritilsatte rådgjevarar vil ha for stor fokus på mjølkekvaliteten, og gje råd som totaløkonomisk ikkje er dei beste fordi kravet til topp mjølkekvalitet overskygger evt. meirkostnader til betre fôring osv. Eg har vondt for å forstå ein slik tankegang, da forbrukarane alltid fortjener best mogleg kvalitet på produkta våre. Bøndene tjener på gode produkt og forbrukaren sin tillit !

Eg vil derfor hevde at ei organisering av rådgjevinga der meieri / slakteri skal ha eigne tilsatte berre for å fylgje opp råvarekvaliteten, ikkje er vegen å gå. Denne rådgjevinga kan ikkje rivast laus frå fagområde som fôring og økonomi. Ved ei evt. samanslåing til eit felles Landbrukets Rådgjevingskontor må derfor meieri / slakteri kjøpe rådgjeving relatert til produktkvalitet gjennom dette.

Mjolk og storfekjøtt høyrer saman også.

Som TINE-tilsatt opplever eg det kunstig og bortimot umogleg å drive rådgjeving innan mjølkeproduksjon utan samtidig å tenkje på storfekjøttproduksjonen. Sjølv om storfekjøtt- prisane datt dramatisk i 1999 i Norge er det fortsatt slik at dei fleste kubønder driv med både mjølk og kjøtt. Dei samla ressursane på garden i form av areal, fjøsplass og arbeidskraft skal nyttast best mogleg. For å finne det beste driftsopplegget samla sett blir det feil dersom TINE-rådgjevaren berre tenkjer på at mjølkekvota skal fyllast, og kjøtt-rådgjevaren “gløymer” mjølkekyrne i rådgjevinga si. Meierisida har eit større apparat og når ut til kvar enkelt bonde - enda i alle fall. Dersom vi fortset med dagens modell utan samanslåing til eit felles Landbrukets Rådgjevingskontor, trur eg at både den enkelte kubonde og kjøttssamvirket får mest att for pengar til rådgjeving ved å kanalisere dei gjennom meieri-rådgjevarane. Men det er da ein føresetnad at kjøtt-sida får innpass med informasjon til TINE-rådgjevarane både av fagleg og organisasjonsmessig karakter, og at dei lojalt fylgjer dette opp i kontakta med bøndene. Så kan det hevdast at kjøtt-sida likevel må ha eit rådgjevarkorps for å dekke behovet hjå reine kjøttprodusentar. Spørsmålet er vel kanskje om ikkje TINE kan selja tjenester også til desse.

GENO (tidl. Norsk Rødt Fe) har i lang tid valgt å bruke TINE-rådgjevarane som feltapparat også til å dekke behova til avlsorganisasjonen, og er flinke til å gje fagleg påfyll utan direkte å “eige” eit landsdekkande rådgjevarkorps sjølv.

Finansiering av rådgjevinga.

Eit synspunkt som av og til kjem fram, er at frittstående rådgjeving er betre og billigare enn den rådgjevinga som organisasjonane tilbyr eigarane sine. I Norge er forsøksringane døme på frittstående rådgjeving, utan tilknytning til nokon bestemt varemottakar. I motsetning til rådgjevinga på husdyrsida får forsøksringane noko statleg støtte via jordbruksavtalen. Det kan tyde på at bøndene gjennom ein slik rådgjevingsmodell også på husdyrsida ville kunne hauste meire midlar frå det offentlege, slik at næringa sjølv slepp å betale så mykje. Men ei slik organisering av rådgjevinga vil ta frå samvirke-bedriftene moglegheita til å bruke rådgjevinga som eit konkurranse-fortrinn i høve til konkurrentane.

I ein situasjon med sterk reduksjon i antal produsentar må ein forvente at dei som fortset som mjølkebønder blir veldig profesjonelle og stiller enda strengare krav til dyktige rådgjevarar enn før. Dette kan møtast enten med spesialisering innad i rådgjevarstaben

til den enkelte organisasjon (t.d. innan TINE), eller ved å slå saman rådgjevingsofgana innafor ein mindre region og spesialisere innafor den samla staben dette gjev. “Spesialistane” må i stor grad arbeide gjennom telefon-/elektronisk rådgjeving og ved å dyktiggjera “primær-rådgjevarar” fordi det geografiske området lett blir så stort at for mykje arbeidstid ellers vil gå med til køyring.

Utviklinga går klart i retning av at fellesskapet vil betale mindre del av rådgjevinga, og den enkelte må i større grad punge ut sjølv dersom han / ho vil ha hjelp. Dette er på mange måtar ei sunn utvikling, men i praksis vil det i større grad førre til A- og B-bønder. Ofte er det dei som treng mest rådgjeving som minst vil etterspørja det på eige initiativ.

Konklusjonen min - under tvil - blir at:

Isolert sett vil **rådgjevinga** kunne gjennomførast billegast gjennom ei samordning til eit Landbrukets Rådgjevingsskontor, inndelt i høveleg store regionar.

Men på grunn av eit behov for å drive organisasjonsarbeid i tillegg overfor eigarane (= medlemane), vil dei **samla** oppgåvene best bli løyst gjennom nåverande organisering.

Presset frå “grasrota” for å få innført modellen med Landbrukets Rådgjevingsskontor vil bli veldig stort fordi organisasjonsarbeidet er mindre synleg enn rådgjevinga, og bønder flest ser ikkje så lett nytten av det. Dei tillitsvalgte kan få problem med å forsvare dagens modell fordi den tilsynelatande er unødig kostbar.

Det er grunn til å samordne ressursane betre sjølv om det ikkje blir full samanslåing. Innanfor storfeholdet gjeld dette særleg to konkrete tiltak:

- Kjøttssamvirket bør i større grad kanalisere informasjon og rådgjeving gjennom TINE’s rådgjevar-apparat. Dei fleste eigarane er felles.
- På grunn af ein del fagfelt i “grenseland” mellom forsøksringane (fôrdyrking og konservering, og evt. økonomi) og TINE’s rådgjevar-apparat er det viktig å koordinere budskapet som skal ut. Det er aktuelt å utføre byttarbeid for kvarandre når dette blir mest rasjonelt samla sett.

I dei vidare diskusjonane om framtidig rådgjeving og nettverk, må vi ikkje gløyme at det er bondens beste det er spørsmål om. Det er liten tvil om at samarbeidet mellom ulike organisasjonar / instansar bør gjerast meir forpliktande med omsyn til arbeids- og kostnadsfordeling. Hovudspørsmålet er om full samanslåing er vegen å gå eller ikkje. Dette er det eigarane som må avgjera. Vi som arbeider i bondens organisasjonar må deretter tilpasse oss det som eigarane finn mest formålstjenleg.

Vi i rådgjevingstjenesten er ikkje til for eiga skuld - vi er til for bonden !

